

AUSTRHEIM KOMMUNE

Plan bygg og oppmåling

Planid: 1264_2014002

Saksnr.: 14/1099

LINDÅS KOMMUNE

Areal og miljøeininga

Planid: 1263_201405

Saksnr.: 14/5428

Reguleringsføresegner

Reguleringsplan for Johan Sverdrup oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mongstad i Austrheim og Lindås kommune

Reguleringsføresegner

Planforslag er datert: 26.03.2015

Dato for siste revisjon av føresegner: 21.05.2015

§ 1 Generelle føresegner

1.1 Formål i planen

Formålet med planen er å leggje til rette for etablering og drift av oljerørledning frå Bergsvikhamn til Mongstad. Når oljerørledningen er ferdigstilt og anleggsarbeidet avslutta skal det utarbeidast ei reguleringsendring som reduserer den avsette faresona frå 25 meter frå senter av den planlagde og prosjekterte rørledningen til 15 meter frå senter av oljerørledningen, der denne faktisk er installert i grøft.

Planområdet er regulert til følgjande formål:

Bygningar og anlegg

(Pbl. § 12-5 nr. 1)

- Bustader
- Industri
- Andre særskilt angitte bygningar og anlegg
- Forretning/industri
- Kontor/industri

Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

(Pbl. § 12-5 nr. 2)

- Veg
- Køyreveg
- Gang- og sykkelveg
- Annan veggrunn – grøntareal

Grøntstruktur (Pbl. §12-5 nr. 3)

- Friområde
- Vegetasjonsskjerm

Landbruks-, natur- og friluftsområde

(Pbl. § 12-5 nr. 5)

- LNFR- areal
- LNFR- areal for spreidde bustader

Bruk av sjø og vassdrag (Pbl. §12-5 nr. 6)

- Kaste- og låssetjingsplassar
- Kombinerte formål i sjø og vassdrag - Ferdse-, fiske-, natur og friluftsområde i sjø og vassdrag.

Omsynssoner (Pbl. §12-6 jf. 11-8 a-d):

Sikringssoner (Pbl. §11-8a)

- Frisikt (H140)
- Anna sikringssone (H190)

Faresoner (Pbl. 11-8a)

- Brann- og eksplosjonsfare (H350)
- Høgspenningsanlegg (H370)
- Eldsfarleg opplag (H390)

Soner med særleg omsyn (Pbl. §11-8c)

- Bevaring naturmiljø (H560)
- Bevaring av kulturmiljø (H570)

Bandleggingssoner (Pbl. §11-8d)

- Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

Føresegner i reguleringsplanen (Pbl. § 12-7 nr. 1)

- Anlegg- og riggområde

1.2 Planen si avgrensing

Reguleringsføresegnene gjeld for området vist med reguleringsgrense på plankart datert 26.03.2015.

1.3 Rekkefølge

- 1.3.1 Rekkefølgekrev er oppfylt for det aktuelle tiltaket dersom tiltaket er opparbeidd eller er «sikra opparbeidd», gjennom at utbyggar/ grunneigar enten har inngått forpliktande utbyggingsavtale eller annan avtale med Lindås / Austrheim kommune og/eller forpliktande avtale med Statens Vegvesen/ Hordaland fylkeskommune om gjennomføring av tiltaket.
- 1.3.2 Igangsettingsløyvet kan ikkje gjevast til tunnelbygging før oppgradering av Fv. 57 med gang- og sykkelveg, rundkøyring, veglys og undergang, har fått bruksløyve/ferdigattest eller er sikra opparbeidd slik plankartet viser. I samband med detaljplanar må det setjast av areal til felles infrastrukturtrasé langs Fv. 57. Felles framtidig infrastruktur skal plasserast i denne traseen.
- 1.3.3 Igangsettingsløyvet kan ikkje gjevast til tunnelbygging før oppgradering av Keilevegen frå Fv. 57 med gang- og sykkelveg og veglys, har fått bruksløyve/ferdigattest eller er sikra opparbeidd slik plankartet viser. I samband med detaljplanar må det setjast av areal til felles infrastrukturtrasé langs o_SGS1 og o_SKV1. Felles framtidig infrastruktur skal plasserast i denne traseen.

- 1.3.4 Igangsettingsløyvet kan ikkje gjevast til tunnelbygging ved Solvang, før gang- og sykkelveggar med veglys langs Fv. 565, samt støydempar framfor eigedom 151/7,8 har fått bruksløyve/ferdigattest eller er sikra opparbeidd slik plankartet viser.
- 1.3.5 Før arbeidet vert sett i gang, skal det vere etablert godkjent mellombels eller permanent trafikksikring, samt støydemping langs anleggsområda der dette er naudsynt.
- 1.3.6 Før tunneldriving kan starte, skal det vere sikra opparbeidd vassforsyning for grunneigarar på Keilen og andre stader som kan verte råka av tunneldrivinga og framtidig sikringszone for tunnelen. VA-avdelinga i Lindås og Austrheim kommune skal godkjenne eventuelle løysingar for vassforsyning.
- 1.3.7 Før legging av steinmasser frå tunnelarbeid kan skje på Næringsområde BI1 og BKB2 i planområdet, må alle torv-, myr- og ikkje beredyktige lausmassar fjernast der næringsareala vert permanent planert. Steinmassane må i hovudsak plasserast ut i Næringsområde BI1 og BKB2 eller nyttast andre stader i planområdet. Kotehøgder for dei planerte areala og høgde på dei eventuelle steindeponia, må vera som vist på plankartet eller sikra gjennom avtalar med grunneigarar.
- 1.3.8 Det skal ikkje kunne koma saltpåverka vatn frå tunnelane til bekkar, elver eller vassdrag. Dette må vera dokumentert av søkjar før tiltaket kan få ferdigattest/bruksløyve.
- 1.3.9 All massehandtering skal i størst mogeleg grad skje innanfor planområdet.
- 1.3.10 Før tiltaket kan få bruksløyve/ferdigattest, må planeringsområde for torv- og jordmassar i område regulert til landbruksføremål vera tilrettelagt eller sikra opparbeidd som landbruksareal.
- 1.3.11 Etter at oljerørleidningen er lagt, skal alle dreneringsgrøfter og naudsynt drenering vere etablert og kome i funksjon.
- 1.3.12 Etter at oljerørleidningen er lagt ned og dekt til, skal alle beite- og grasareal som er råka av anleggsdrifta, vere stelt i stand og tilsådd. Dette må avtalast nærare med grunneigarane.
- 1.3.13 Kraftlinja på 22 KV som er regulert som H370_6 (høgspenningsanlegg) i næringsområdet BKB2, skal jordkabløst før igangsettingsløyve kan gjevast til næringsbygg i BKB2.
- 1.3.14 Anleggsveggar kan liggja att som turstiar og landbruksveggar dersom det er ynskjeleg. Godkjent landskapsplan skal visa kvar desse skal vera.
- 1.3.15 Anleggsvegen (SV4) ved Fv. 565 og avkøyringa her skal kunne nyttast av landbrukseigedomane på Solvang som permanent tilkomstveg og driftsveg.
- 1.3.16 Landbruksareal som i anleggsperioden vert nytta til anleggsformål skal setjast i stand etterpå med utgangspunkt i markslagskarta for dei aktuelle landbruksareala. Landbruksareala skal tilbakeførast til minimum opphavleg stand i samråd med grunneigar. Omsynet til landbruksdrifta skal ivaretakast i anleggsfasen. Gjerder og/eller grunder/ferister må haldast og setjast opp der dette er naudsynt for landbruksdrifta i anleggstida.

1.4 Landskapsplan

I tilknytning til røyrleidningsprosjektet skal det utarbeidast plan for istandsetjing av terrenget etter utlegging av røyrleidningen. Landskapsplanen skal sendast inn til kommunen for handsaming i samband med søknad om rammeløyve for oljerøyrleidningen. Det skal ved utforming av landskapsplanen leggjast vekt på minimale terrenginngrep, tilbakeføring av terreng og tiltalande utforming/ utføring ved endringar av terrenget. Landskapsplanen skal visa prinsipiell forming av terreng langs grøftetraseen. Planen skal og skildra retningsliner for istandsetjing, tilsåing, revegetering- og vegetasjonsbruk i planområdet. Planen skal ikkje skildre areal som vert nytta til bakkeplanering for landbruksareal, jord og steindeponi som seinare skal nyttast til samfunnsnyttig formål som etablering av næringsstomter eller vegbygging.

1.5 Avvikling av røyrleidningen

Når røyrleidningen ikkje lenger er i funksjon, skal avvikling følgje gjeldande forskrifter. Dersom leidningen vert fjerna skal området ryddast og terrenget planerast.

1.6 Kulturminner

Dersom det i samband med gravearbeid kjem fram funn eller konstruksjonar må arbeidet straks stansast og fylkeskonservatoren kontaktast for undersøking på staden, jf. kulturminnelova § 8, 2. ledd.

1.7 Tiltak i sjø

Tiltak som bygging, graving, utfylling i sjø, samt andre tiltak som kan påverke sikkerheita og ferdsel i sjøområde krev løyve frå Bergen og omland havnevesen (BOH) jf. Hfl. § 27, første ledd.

§ 2 Bygningar og anlegg (Pbl. 12-5 nr.1)

2.1 Bustader

Felt B1: Planen regulerer andre sikringssoner (H190) med tilhøyrande føresegner framfor vedteken reguleringsplan. Forutan andre sikringssoner med tilhøyrande føresegner er plan for "*Vestre Kalvsundet byggjefelt, planid: 1264_1996001*" med plankart og føresegner gjeldande.

Felt B2-B4: Planen regulerer andre sikringssoner (H190) med tilhøyrande føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan andre sikringssoner med tilhøyrande føresegner er "*Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, planid: 1263_200905*" med plankart og føresegner gjeldande.

2.2 Industri

Felt BI1: Planen regulerer faresone for høgspenningsanlegg (H370) og mellombels rigg- og anleggsområde (#8) med tilhøyrande føresegner framfor vedteken reguleringsplan. Forutan faresone og mellombels rigg- og anleggsområde med tilhøyrande føresegner er plan for "*Mongstadkrysset senter, vestre del, planid: 1264_2009003*" med plankart og føresegner gjeldande.

Felt BI2 – BI5: Planen regulerer faresone for brann- og eksplosjonsfare (H350) og faresone for høgspenningsanlegg (H370) med tilhøyrande føresegner framfor vedteken reguleringsplan. Forutan faresone med tilhøyrande føresegner er plan for "*Mongstad Industriområde nordre del, planid: 1264_2013004*" med plankart og føresegner gjeldande.

2.3 Andre særskilt angitte bygningar og anlegg

Felt BAS1: Arealet er sett av til tunnelportal med tilhøyrande anlegg og sikringstiltak. Det kan innanfor området etablerast permanente anlegg, tilkomst og sikringstiltak for drift og vedlikehald av oljerøyrleidning og tunnelanlegg.

Felt BAS2 – BAS6: Arealet er sett av til sjakt for tunnel. Det kan verta aktuelt å etablere sjakt til tunnelen for inn- og utslepp av sjøvatt. Innanfor området kan det etablerast permanente anlegg og tiltak for drift og vedlikehald av oljerørleidning og tunnelanlegg.

Felt BAS7: Arealet er sett av til tunnelportal med tilhøyrande anlegg og sikringstiltak. Det kan innanfor området etablerast permanente anlegg, tilkomst og sikringstiltak for drift og vedlikehald av oljerørleidning og tunnelanlegg.

2.4 Forretning / industri

Felt BKB1 og BKB4: Planen regulerer andre sikringssoner (H190), faresone for brann- og eksplosjonsfare (H350), og faresone for høgspenningsanlegg (H370) med tilhøyrande føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan andre sikringssoner og faresoner med tilhøyrande føresegner er “*Kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes 2009-2017, planid: 1264_2008003*” med plankart og føresegner gjeldande.

Felt BKB5: Planen regulerer faresone for brann- og eksplosjonsfare (H350) med tilhøyrande føresegner framfor vedteken reguleringsplan. Forutan faresone med tilhøyrande føresegner er plan for “*Mongstad Industriområde nordre del, planid: 1264_2013004*” med plankart og føresegner gjeldande.

2.5 Kontor / industri

Felt BKB2 og BKB3: Planen regulerer andre sikringssoner (H190) faresone for brann- og eksplosjonsfare (H350), mellombels rigg- og anleggsområde (#8) og faresone for høgspenningsanlegg (H370) med tilhøyrande føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan andre sikringssoner, faresoner og mellombels rigg- og anleggsområde med tilhøyrande føresegner er “*Kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes 2009-2017, planid: 1264_2008003*” med plankart og føresegner gjeldande.

Felt BKB7 – BKB9: Planen regulerer faresone for brann- og eksplosjonsfare (H350) med tilhøyrande føresegner framfor vedteken reguleringsplan. Forutan faresone med tilhøyrande føresegner er plan for “*Mongstad Industriområde nordre del, planid: 1264_2013004*” med plankart og føresegner gjeldande.

§ 3 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (Pbl. §12-5 nr. 2)

3.1 Eigarform

Formål merka o_SKV og o_SV med tilhøyrande gang- og sykkelveg og annan veggrunn –grøntareal skal vere offentlege. Vegar merka f_SV er felles for dei eigedomar som har tilkomst frå vegen. Vegar som ikkje er merka med o_ eller f_ er private.

3.2 Offentleg veg/køyreveg/gang- og sykkelveg

Ein skal i veganlegget nytte gråsteinsmurar der det er funksjonelt for å få ein estetisk fin veg som er optimalt landskapstilpassa.

3.3 Annan veggrunn – grøntareal

Annan veggrunn grøntareal skal nyttast til skjeringar, fyllingar, rekkverk, murar og grøfter m.m. Det kan innanfor arealet plasserast veglys, nettstasjonar, rekkverk, og annan infrastruktur som er ein naturleg del av veganlegget. Mindre avvik i skråningsutslag innanfor ”annan veggrunn grøntareal” og tilstøytande reguleringsformål, kan førekome som følgje av uføresette forhold. Dette medfører at endeleg grense mellom ”annan veggrunn grøntareal” og tilstøytande areal kan avvike noko frå det som ligg i plankartet.

§ 4 Grøntstruktur (Pbl. §12-5 nr. 3)

4.1 Friområde

Felt GF1- GF3: Planen regulerer mellombels rigg- og anleggsområde (#8) med tilhørende føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner er "*Kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes 2009-2017, planid: 1264_2008003*" med plankart og føresegner gjeldande.

4.2 Vegetasjonsskjerm

Felt GV1- GV4: Planen regulerer faresone for brann- og eksplosjonsfare (H350), faresone for høgspenningsanlegg (H370) og mellombels rigg- og anleggsområde (#8) med tilhørende føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan faresoner og mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner er "*Kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes 2009-2017, planid: 1264_2008003*" med plankart og føresegner gjeldande.

§ 5 Landbruks- natur- og friluftsområde (Pbl. §12-5 nr. 5)

5.1 LNFR- areal

Felt L1 - L17 og L35 - L36: Planen regulerer andre sikringssoner (H190) og faresone for brann- og eksplosjonsfare (H350), mellombels rigg- og anleggsområde (#1, #2, #3, #4, #5 og #6), faresone for høgspenningsanlegg (H370), bevaring av kulturmiljø (H570), bandleggingssone etter lov om kulturminne (H730) og omsyn til naturmiljø (H560) med tilhørende føresegner framfor vedteken kommuneplans arealdel. Forutan andre sikringssoner, faresoner, soner med særlege omsyn, bandleggingssoner og mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner er "*kommuneplanens arealdel for Austrheim kommune 2006-2017, PlanID: 1264_2006004*" med plankart og føresegner gjeldande.

Felt L18-L23: Planen regulerer andre sikringssoner (H190) og faresone for høgspenningsanlegg (H370) med tilhørende føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan andre sikringssoner og faresone med tilhørende føresegner er "*Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, planid: 1263_200905*" med plankart og føresegner gjeldande.

Felt L24-L34: Planen regulerer andre sikringssoner (H190), faresone for brann- og eksplosjonsfare (H350), mellombels rigg- og anleggsområde (#7 og #8) og faresone for høgspenningsanlegg (H370) med tilhørende føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan andre sikringssoner, faresoner og mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner er "*Kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fønnes 2009-2017, planid: 1264_2008003*" med plankart og føresegner gjeldande.

5.2 LNFR- areal for spreidde bustader

Felt LS1-LS4: Planen regulerer faresone for brann- og eksplosjonsfare (H350), faresone for høgspenningsanlegg (H370) og mellombels rigg- og anleggsområde (#2) med tilhørende føresegner framfor vedteken kommuneplans arealdel. Forutan faresoner og mellombels rigg- og anleggsområde med tilhørende føresegner er "*kommuneplanens arealdel for Austrheim kommune 2006-2017, PlanID: 1264_2006004*" med plankart og føresegner gjeldande.

§ 6 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhørende strandsone (Pbl. 12.5 nr. 5)

6.1 Kaste- og låssetjingsplassar

Felt VKL: Planen regulerer andre sikringssoner (H190) med tilhørende føresegner framfor vedteken kommuneplans arealdel. Forutan andre sikringssoner med tilhørende føresegner er "*kommuneplanens*"

arealdel for Austrheim kommune 2006-2017, PlanID: 1264_2006004” med plankart og føresegner gjeldande.

6.2 Kombinerte formål i sjø og vassdrag - Ferdsl-, fiske-, natur og friluftsområde i sjø og vassdrag.

Felt VKA1 – VKA9: Planen regulerer andre sikringssoner (H190) og mellombels rigg- og anlegg (#1, #4, #5 og #6) med tilhøyrande føresegner framfor vedteken kommuneplans arealdel. Forutan andre sikringssoner og mellombels rigg- og anleggsområde med tilhøyrande føresegner er “kommuneplanens arealdel for Austrheim kommune 2006-2017, PlanID: 1264_2006004 ” med plankart og føresegner gjeldande.

Felt VKA10 – VKA11: Planen regulerer andre sikringssoner (H190) med tilhøyrande føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan andre sikringssoner med tilhøyrande føresegner er “Kommunedelplan for Lindåsneset med Mongstad, planid: 1263_200905” med plankart og føresegner gjeldande.

Felt VKA12: Planen regulerer andre sikringssoner (H190) og mellombels rigg- og anlegg (#7) med tilhøyrande føresegner framfor vedteken kommunedelplan. Forutan andre sikringssoner og mellombels rigg- og anleggsområde med tilhøyrande føresegner er “Kommunedelplan for Leirvåg, Litlås, Kaland og Fonnes 2009-2017, planid: 1264_2008003” med plankart og føresegner gjeldande.

§ 7 Omsynssoner (Pbl § 12-6 og 11-8 a-d)

7.1 Sikringssoner (Pbl. § 11-8 a)

7.1.1 Frisikt (H140)

Frisiktsoner (H140) er angitt på plankartet. I frisiktsonene skal det til ei kvar tid vere fri sikt 0,5 m over tilstøytande vegar sitt plan. I frisiktsonene er det forbod mot fyllingar, bygningsmessige arbeid og planting o.a. som er til hinder for frisikt i ei høgd av 0,5 m over vegplanet.

7.1.2 Andre sikringssoner (H190)

Innanfor andre sikringssoner for tunnel er det, utan samtykke frå operatør av røyrleidning, ikkje løyve med tiltak som medfører sprenging, pæleramming, boring, tunneldriving, eller andre tiltak som kan føre til skade på tunnell og sjakter. Sikringssone for tunnel og sjakter følgjer tunnellens tverrprofil og lengdeprofil som vist på plankart.

7.2 Faresoner (Pbl. 11-8 a)

7.2.1 Brann- og eksplosjonsfare (H350)

Gjeld faresone H350_1, H350_2, H350_3, H350_4, H350_5, H350_6 og H350_7

- Innanfor området kan det leggjast oljerøyrleidning slik det går fram av planen og utførast arbeid i tilknytning til anlegg, drift, inspeksjon og vedlikehald. Arealet er regulert som faresone for oljerøyr vist på plankart som illustrasjon av oljerøyrleidning m/ tunnelinnslag.
- Innanfor faresone for oljerøyr er det forbod mot å føre opp bygningar og å drive næringsverksemd. Før graving, sprenging, boring og pæling innanfor faresona må det innhentast samtykke frå kommunen og røyrleidningens operatør.
- Operatør av røyrleidningen har ansvaret for at det vert ståande varselskilt som syner kor røyrleidningen går i terrenget. Det skal til ei kvar tid vera tilkomst for inspeksjon og vedlikehald av røyrleidning og varselskilt.
- Der faresona kryssar eller går langs med offentleg veg skal vegforvaltar ved større vegvedlikehaldsarbeid varsle operatør av røyrleidningen skriftleg 14 dagar før tiltak. Det same gjeld for operatør av røyrleidningen i høve til vegforvaltar. Det skal liggja føre skriftleg tilbakemelding på varselet før arbeidet verte starta opp.

- Innanfor området er det ikkje høve til å etablere plassar der mange menneske oppheld seg. Området skal ha tilstrekkeleg merking for å hindre at området vert nytta til fritidsaktivitetar som t.d. camping, bruk av open eld (leirbål, bråtebrenning), oppskyting av fyrverkeri eller bruk av skytevåpen.
- Innanfor området kan ein likevel driva tradisjonelt landbruk og fiske der ikkje anna arealbruk er fastsett i reguleringsplanen. Det kan og drivast skogbruk i traseområdet med unntak av eit areal på 5 meters breidde til kvar side frå senter av røyrleidningen som skal haldast fri for vegetasjon med høgde over 1,5 meter.
- For område for faresone brann og eksplosjonsfare H350_2 og H350_4 som er sett av til anlegg for korrosjonsvern av oljerøyrleidningen, er det i tillegg ikkje løyve til å gjennomføre tiltak som drenering o.a. som kan medføre at grunnvasstanden i området vert endra, utan samtykke frå røyrleidningens operatør.

7.2.2 Høgspenningsanlegg (H370)

- Det er avsett fareområde for eksisterande og planlagde kraftliner. Det er innanfor sona ikkje tillat å oppføre bygg eller konstruksjonar som kjem i konflikt med høgspenningsnettet utan at dette er avklara med netteigar.

7.2.3 Eldsfarleg opplag (H390)

- Før oppføring av nye tiltak eller flytting av tiltak kan godkjennast, skal det utførast eksplosjons- og risikoanalyse for å fastsette naudsynte avstandar mellom prosessområde og andre bygningar/anlegg.

7.2.4 Grense for storulykke

- Arealavgrensing er markert som linjesymbol på plankartet. Grense for restriksjonsområde omfattar område som innanfor grenser for storulykker som er sett i medhald av Storulykkedeforskrifta FOR 2005-06-17-672. I samband med vidare utbygging av området vil sikringsfeltet kunna flytta seg. Ny plassering skal godkjennast av kommunen.

7.3 Soner med særleg omsyn (Pbl. §11-8c)

7.3.1 Bevaring av naturmiljø (H560)

- Området er omsynssone rundt vassdrag frå Førlandsvatnet. Det skal i alt arbeid sikrast at vassdraget innanfor omsynssona ikkje vert forringa eller ureina som følgje av anleggsarbeid.

7.3.2 Bevaring av kulturmiljø (H570)

- Området er bevaringssone rundt automatisk freda kulturminne. Det skal innanfor omsynssona ikkje settast i gang tiltak som kan medføre skade eller skjemme kulturminnet. Alle terrenginngrep innanfor sona skal gjerast i samråd med kulturminnemyndighetene.

7.4 Bandleggingssoner (Pbl. §11-8d)

7.4.1 Bandlegging etter lov om kulturminne (H730)

- Område er bandlagt etter lov om kulturminne. Det er ikkje løyve til å setja i gang tiltak som kan skade, øydelegge eller utilbørleg skjemme kulturminnet, eller framkalle fare for at det kan skje.

§ 8 Føresegner i reguleringsplan (områdeføresegn) (Pbl. § 12-7)

8.1 Mellombels rigg- og anleggsområde (#1, #2, #3, #4, #5, #6, #7, #8, #9, #10 og #11)

- Mellombels rigg- og anleggsområde er regulert til andre formål, men i gjennomføringsfasen for anlegget kan områda nyttast til rigg og anlegg. Når anleggsarbeidet er fullført skal område nytta til rigg- og anleggsområde setjast i stand i høve til plankart og føresegner.

- **#1, #2 og #3:** Område sett av til rigg- og anleggsområde kan nyttast til naudsynte inngrep og anleggsarbeid for etablering av oljerørleidningen med tilhøyrande anlegg, utbetring av veg og etablering av gang- og sykkelveg. Områda skal i størst mogleg grad tilbakeførast til opphavleg arealformål og setjast i stand. Det kan innanfor området plasserast permanente jordmassar som kan nyttast til planering/etablering av landbruksareal med terrengendring inntil 3 meter i forhold til opphavleg terreng. Det kan innanfor området også etablerast permanente stikkrenner og grøfter for sikring av drenering. Ved fylling og terrenginngrep i sjø i Bergsvikhamn skal det sikrast at dagens djupnetilhøve vert oppretthaldt. Det kan innanfor #2 etablerast deponi for jord- og steinmassar.
- **#4, #5, #6 og #7:** Område sett av til rigg- og anleggsområde kan nyttast til naudsynte inngrep og anleggsarbeid for etablering av sjakt til tunnel for oljerørleidningen. Områda skal i størst mogleg grad tilbakeførast til opphavleg arealformål og setjast i stand slik dei var før inngrepet.
- **#8:** Område sett av til rigg- og anleggsområde kan nyttast til naudsynte inngrep og anleggsarbeid for etablering av oljerørleidningen. Det kan innanfor #8 etablerast deponi for jord- og steinmassar i samband med anleggsarbeidet med oljerørleidningen. Det kan innanfor området plasserast permanente jordmassar som kan nyttast til planering/etablering av landbruksareal med terrengendring inntil 3 meter i forhold til opphavleg terreng. Det kan innanfor området også etablerast permanente stikkrenner og grøfter for sikring av drenering.
- **#9, #10 og #11:** Område sett av til rigg- og anleggsområde kan nyttast til naudsynte inngrep og anleggsarbeid for etablering av oljerørleidningen. Områda skal i størst mogleg grad tilbakeførast til opphavleg arealformål og setjast i stand slik dei var før inngrepet.

8.2 Opparbeiding/tilbakeføring av mellombels rigg- og anleggsområde

- Landbruksareal som i anleggsperioden vert nytta til anleggsformål skal setjast i stand etterpå med utgangspunkt i markslagskarta for dei aktuelle landbruksareala. Gjerder og/eller grunder/ferister må haldast og setjast opp der dette er naudsynt for landbruksdrifta i anleggsdrifta.
- Stikkrenner/kulvertar og grøfter som er naudsynt for drenering og som vert bygd skal vurderast spesielt med omsyn til dimensjonering slik at dei og kan fungere som passasjer for både fisk og mindre landlevande dyr. Ved tunnelportal på Solvang skal alt overflatevatn frå tunnelen førast til Førlandsvågen. Dette skal ikkje gå til Førlandsvassdraget og våtmarksområde omkring.
- Der vegar, oljerørleidning og anlegg som høyrer til dette kryssar Førlandbekken, bekkar og våtmarksområde er det viktig at det vert bygd kulvertar der fisk og vasslevande dyr kan vandre fritt. Desse skal dimensjonrast slik at vassgjennomstrøyming er sikra heile året.